

Skjema for presentasjon av saker til regionalt planforum

	Tema	Fyll inn opplysningar
1	Kommune	Kvam herad
2	Namn på sak	Høyring og offentleg ettersyn på kommuneplanen sin arealdel
3	Plantype	Kommuneplanen sin arealdel
4	PlanID /referansenummer	
5	Gjeldande planstatus for planområdet	Status-gjeldande kommuneplan frå 2006.
6	Fase i planprosessen	Nærmast seg høyring og offentleg ettersyn på kommuneplanen sin arealdel.
7	Omtale av planen: Føremål Omfang Tiltakshavar	<p>Kvam herad sin gjeldande arealdel er i frå 2006. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt i 2015. Dei viktigaste tema som er tatt inn arbeidet med rulleringa av planen er; senterstruktur, utnytting av Inf-område, funksjonell strandsone, område for akvakultur, gjennomgang av gamle reguleringsplanar, veg til Tolomarka, Hardangertunnel og massedeponi.</p> <p>Kvam herad har gjennomarbeidd og vedtatt arealstrategiar for dei aktuelle tema. Desse ver presentert i planforum.</p> <p>Føremålet er å få fram ein kommuneplan, som legg tiltrette for ei berekraftig utvikling i kommunen.</p>
8	Tema kommunen særleg ønskjer å setja fokus på (liste)	<p>Kvam herad ynskjer primært å ta for seg;</p> <ul style="list-style-type: none"> -Befolkningsprognosar for Kvam herad. Kommuneplanen sin samfunnsdel i frå 2015, legg opp ein vekst fram i mot 2030 – 2035, til om lag 10 000 innb. I dei nye prognosane til fylkeskommunen, jf. Aud – rapport nr 1.1 -16. Prognosane legg til grunn -0,4 % pr år. Forventa antal innbyggjarar i 2040, vil vera 7 758 innb. -Kvam herad sin kommuneplan er i frå 2006, der område for akvakultur var mange og små, med nær tilknytting opp i mot land og mindre viker. Kvam herad sine nye arealstrategiar omkring akvakultur legg vekt på flytting ut i opnare område, større lokalitetar og fjerning av lokalitetar som ikkje er i bruk. Primært vert eksisterande lokalitetar utvida og tatt bort i frå dei nære kystområda. Område ved Kvamsøy er eit av områda som er vurdert i det vidare arbeidet. Kvam herad ynskjer diskusjonar og tilbakemeldingar på desse strategiane og dei konkrete løysingane, som td ved Kvamsøy, der det ikkje er akvakulturområde idag. <p>Kvam herad har lagt stor vekt på å få til ein god</p>

		<p>senterstruktur, og det er utarbeidd arealstrategiar for sentra Ålvik, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm/Tangerås. I strategiane er det lagt vekt på kontor, forretning, og bustad i sentrum. Plasskrevjande næringar skal lokaliseras i utkanten av sentrum. Kvam herad ynskjer konkrete diskusjonar på overgangen i mellom bustad, kontor, og arealkrevande næringar i og tett opp i mot sentra, for dei ulike senterområda. Samstundes som me også ynskjer å klargjera trong til nye næringsareal og få fram dei gode grepa for dette.</p> <p>Kvam herad har lagt stor vekt på tilleggsnæringar, gardsturisme og opplevingar i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Me ynskjer tilbakemeldingar på når det er naturleg å nytta LNF, og når det er naturleg å trekkja inn meir næringsretta føremål. Kvam herad har td mange drivhus, og andre bygningar i landbruket som vert endra i frå tradisjonell drift til andre bruksområde. Dette er viktige tema for å fylgja opp arealstrategiane om gardsturisme mm innan for landbruket.</p> <p>Kvam herad tek arbeidet med ROS og rassikring på alvor. Det finst i dag ein del byggeområde som kjem innafor aktsemdskart for ras. Korleis bør desse handterast i kommuneplanen sin arealdel?</p> <p>Kvam herad har kartlagt den funksjonelle strandsonen i heile kommunen. Me ynskjer å få fram dei gode grepa i dei områda der det i dag er byggeområde, og korleis håndtera dette i høve til brygger, og andre tiltak i desse områda.</p>
9	Etatar som er særleg ønska skal vera til stades	Fylkeskommunen, fylkesmannen, fiskeridirektoratet, NVE og kystverket
10	Ønska/avtalt møtedato	21.02.2017
11	Kontaktperson kommune Telefon	Jon Nedkvitne Tlf 97 95 32 74
12	Kontaktperson kommune e-post	jone@kvam.kommune.no

Fyll ut skjemaet kort og punktvis.

Føremålet er å få oversikt over plansaka i stikkords form.

Returadresse: per.nordmark@hfk.no